

Pegasus - Romjula

26. desember 2003 · Haavebua



261203 Pegasus vokal

2003

26. DESEMBER

HAAVEBUA

Frå arkivet

Pegasus - Skreddarsydd kjempestemning

LIV: Vokalistane Janne Linn Myren (t.v) og Annika Myklebust og resten av det røynde mannskapet i Pegasus sørge for kjempestemning frå første akkord på Haavebua 2. juledag. Foto: Dag Magne Knapstad

2. juledag er ein av Pegasus sine faste, men for sjeldne konsertar i Florø. Slagarar frå 80- og 90-talet tetta dansegolvet som ein membran frå første akkord. Fleire vi var i kontakt med hevda bastant at Pegasus overgjekk originalane frå scena denne gongen. Med eit stort innslag av Florøfolk heime på juleferie vart mimringa på sett og vis levande. Hits og andre godlåtar frå dei to siste tiåra gjorde at vi var vitne til ei "absolute" plate med musikk frå ungdomstida til dei fleste festkledd i saltebua denne kvelden. Pegasus viste også at dei klarar å fornye seg. Sjølv om dei ikkje har hatt all verda av tid til øving på førehand, trilla den nye hit'en ut etter den andre. Det vitnar om musikalsk kompetanse.

Erlend Eidsvik som vanlegvis gøymer seg bak tangentane, utfylte jentevokalane då han tok tøffe tak i pyjamas og var Lars Lillo i sjel og sinn. Likevel er jentene i front det som skil Pegasus frå andre coverband.

Høgdepunktet denne gongen var "It's raining men" med "The weather girls".

Dag Frøyen Telefon: Mobiltelefon:

261203_Pegasus TØFF: Erlend Eidsvik som også spelar i kultbandet Turbostipend fekk nyte rampelyset under mellom anna "Tøff i pyjamas" av deLillos. Foto: Dag Magne Knapstad



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 57.